

ÅRSMELDING - 2017

MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og styret i 2017 har vore:

Merethe Hellevik, leiar / vara: Thomas Akslen – MMG
Ottar Ringstad, nestleiar / vara: Sunniva Nupen – VSG
Maren Ann H. Løvoll, kasserar – vara: Jostein Røyset – NRG
Bente Bonsaksen, skrivar/vara: Andor Bjørke – ISG

Styret har hatt 5 styremøter gjennom året, og totalt 33 saker har vore behandla.

Året 2017

Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 25 nye godkjende ekvipasjar i 2017.

Gjetarhundprøver/Gjetarhundkurs

Det har også i år vore bra med gjetarhundaktivitet i Møre og Romsdal. Tilsaman har det vore arrangert 14 distriktsprøver rundt om i fylket, og arrangert 10 gjetarhundkurs med tilsaman 90 deltagarar. Begge desse typane arrangement heng saman, og vil for dei fleste som legg tid og energi ned i det, resultere i bruksprov. Dette er og grunnsteinane for å auke nivået på ekvipasjane som skal ut i praktisk arbeid. VSG arrangerte Norsk Nursery, eit klasse 3-meisterskap for unghundar under 3 år.

NM deltaking for MRGL 2017

I alt seks ekvipasjar frå Møre og Romsdal deltok i årets NM på Brekstad, Fosen i Sør-Trøndelag.

Jan Myklebust med Akersborg Rex og Frøya, Nils Edmund Stråmyr med Roxy, Merethe Hellevik med Bennis og Atle Arnesen med Mirk og Fern

Ingen av fylket sine ekvipasjar kvalifiserte seg til finalen, og resultata i NM vart:

1. Nils Edmund Stråmyr med Roxy på 20 plass
2. Atle Arnesen med Fern på 21 plass
3. Jan Myklebust med Akersborg Rex på 35 plass
4. Atle Arnesen med Mirk 42 plass
5. Merethe Hellevik med Bennis 73 plass
6. Jan Myklebust med Frøya på 90 plass

Resultatmessig må ein seie seg godt nøgd med desse plasseringane i NM, då fylket beholdt sitt antal plassar til neste års NM. Møre og Romsdal har med andre ord framleis 6 plassar til NM i Gjetarhund 2018.

MRGL nyttar høvet til å gratulere desse med ein kjempefrott innsats i NM 2017

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet vart arrangert i Batnfjorden den 1 oktober med Bjørn Ola Vaagaasarøygard frå Lom som dommar. Fylkesmeisterskapet blei dette året arrangert med finale på same dagen, der dei seks beste frå den innleieande runden stilte. Fylkesmeister 2017 vart Atle Arnesen med hunden Mirk, medan same person og tok 2. plassen med hunden Fern. Merethe Hellevik tok 3. plassen med hunden Bennis. Tittelen «Beste unghund for 2017» gjekk til Merethe Hellevik og hunden Blizz. MRGL gratulerer så mykje med både titlane og plasseringane.

Ung Hundcup'n 2017

Vinnar av Ung Hundcup'n 2017 blei Nils Edmund Stråmyr med hunden Billy. Dei oppnådde heile 40 poeng. MRGL gratulerer!

Organisasjonsarbeid i fylket

Det har i 2017 vore fleire val på landsnivå, (gjeterhundrådet/dommarutvalg og prøvenemd) som fylkeslaget MRGL har fått instruks frå NSG på å handsama. I to av sakene har MRGL sine forslag vorte overstyrde av fylkeslaget Møre og Romsdal Sau og Geit [MRSG] utan at MRGL sitt styre vart informerte om det. Styret i MRGL stilte kritiske spørsmål til styret i MRSG, med kopi til NSG sentralt, om kvifor dette vart gjort og vidare korleis ein kan unngå slike tilfelle i framtida. Forenkla kan ein seie at MRGL er gjeterhundfolket sine tillitsvalde på fylkesnivå og skal handsame gjeterhundsaker i tråd med retningslinjer fra NSG sentralt, med plikt å sende kopi av tilsvare til styret i MRSG.

I svaret frå MRSG om kvifor dei overstyrde i desse to vala, hevdar dei ein rett til å gjere det om MRGL ikkje handlar i tråd med MRSG-styret sine meininger og ynskje (dette sidan MRGL er underlagt MRSG). Det vart etter ein del mailkorrespondanse mellom styra, konkludert frå styret i MSRG med at ein i framtida må betre kommunikasjonen mellom styra slik at fylket slepp å vise seg fram som rotete for NSG sentralt med saker som vedkjem gjeterhundarbeidet. MRSG kalla etter dette inn leiar i MRGL til styremøte med saker som omhandlar gjeterhundarbeidet i fylket.

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har og i 2017 vore oppdatert av webansvarleg Merethe Hellevik, og har vore mykje brukt. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare kan så spirar til nye tiltak rundt om i fylket. Minner om at lokallaga og medlemmane må vere flinke til å sende inn små reportasjar og bilete frå aktivitetar til heimesida.

Oppsummering

Året 2017 inneholdt mange arrangement i Møre og Romsdal, og viser høg aktivitet i dei fleste delane av fylket, og det må ein seie seg svært godt nøgde med. Dette er og viktig om ein skal oppretthalde bruken av gjeterhund i småfehaldet i fylket. MRGL arbeider for at det skal bli ei jamn rekruttering til gjeterhundmiljøet. Fleire godkjende instruktørar, fleire gjeterhundkurs og faste fellestreninger på gode område å trene på rundt om i dei fire lokallaga er alle faktorar som bidreg til dette. Ein kan ikkje poengtera nok desse føresetnadane som igjen gir godt miljø for trening og nye bruksprov i lokallaga. Lokale gjeterhundprøver, eller «distriktsprøver» må til om ein skal få testa gjeterhunden sin praktisk. Det er dette som gir gode gjeterhundar og ein arbeidskamerat til å stole på.

Aktivitetshelg i regi av MRGL vart arrangert den 20-21.01.2018 på Lepsøya. På grunn av ein travel haust vart dette arrangementet flytta til januar 2018. 20 kursdeltakrar frå heile fylket møtte, og

instruktørar frå MMG og ISG stilte gratis. Brubygging og kompetanseheving mellom og i lokallaga var motto for arrangementet. Overskotet gjekk til fylkeslaget MRGL.

MRGL har teke opp att praksisen med å skrive ut laminerte bruksprov til ekvipasjar som har oppnådd godkjent gjetarhundprøve (60p). Pris pr.bruksprov er 250,- Meir info om dette på heimesida.

MRGL vil igjen takke alle som med si drivkraft står på i sitt lokallag med gjetarhundarbeid og tek seg av alle nykomarane rundt om i fylket. Uten denne innsatsen hadde ikkje fylket klart så mange nye bruksprov!

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL